



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	26.08.2024
Møtetid:	09:00 - -14:00
Møtestad:	Austrheim kommunehus, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Per Lerøy	leder	AP	
Renee Hansen	medlem	SAM	
Semmingsen			
Lisbeth Oen	medlem	INP	
Linda Brandtun	medlem	U	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Inger Lise Brekke	MEDL	H
Bjarte Næss	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Hege Bergsvik Sætre	Bjarte Næss	AP	
Oscar Føyen	Inger Lise Brekke	H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore

møtesekretær

Kristin Nesbø

møtesekretær

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Anne Hildegunn Færøy

kommunalsjef

Bjarte Rosenlund

kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 23/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 24/2024	Godkjenning av møteprotokoll - Levekårsutvalet 30. mai 2024	
PS 25/2024	Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet - andre handsamingsrunde	
PS 26/2024	Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet	
PS 27/2024	Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase	
OS 6/2024	Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august	
OS 7/2024	Årsmelding 2023 - Austrheim kommune	
PS 28/2024	Referatsaker	
RS 8/2024	Svar frå skyss - bussar til Austrheim	
RS 9/2024	Tilskot forsamlingshus 2024	
RS 10/2024	Oversikt over utbetaling av kulturmidlar 2024	

PS 23/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 23/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 23/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 24/2024 Godkjenning av møteprotokoll - Levekårsutvalet 30. mai 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 30. mai 2024 vert godkjent.

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 24/2024 Godkjenning av møteprotokoll -
Levekårsutvalet 30. mai 2024:

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 24/2024 Godkjenning av møteprotokoll -
Levekårsutvalet 30. mai 2024:

Møteprotokollen frå 30. mai 2024 vart godkjent.

PS 25/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levokårsutvalet - andre handsamingsrunde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune går ikkje i gang med bustadbygging i kommunal regi som svar på innbyggjarundersøkinga, men avventar og ser kva som kjem i gang av dei ulike private prosjekta.

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 25/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levokårsutvalet - andre handsamingsrunde:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte, kort oppsummert:

- Ser at prisnivået er pressa i kommunen, får ikkje leigd ein toroms i Austrheim til under 15.000 kroner. Kommunen forhandlar sjølv i denne marknaden, til flyktningar, vert veldig pressa på pris.- Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE) kan stå som eigar av bustader, men kommunen må framleis stå som garantist for alle låneopptak. Det kan gjera det vanskeleg med andre garantiar, som til dømes for låneopptak til eit helsetun.
- Husbanken gjev ikkje tilskot til vanlege bustader, berre ROP og tilsvarande.
- Husbanken har hatt ei ordning for å hjelpa kommunar med utleigebustader, kjem kanskje tilbake med denne ordninga.
- Om ein skal bygga bustader med investeringstilskot frå Husbanken krev det at den som skal bu der har behov for kommunale tenester. Eigne krav for miljøstandard og livsløpsstandard.
- Kommunen ser på dette med tilvisingsavtale. Med ei slik ordning forpliktar ikkje kommunen seg til noko økonomisk. Privat utbyggjar får 50 års nedbetaling på lån frå Husbanken, men skal stilla minst 40 prosent av bustadene til leige gjennom kommunen, til ein gunstig pris.
- Har snakka med fleire interessentar om tilvisingsavtale, der fristen gjekk ut i helga for å melda seg. Det er private interessentar som ønskjer å kjøpa Kunsthuset og bygga det om til bustader.

Utvalsleiar Per Lerøy viste til at det også er kontakt med burettslaget Sætre marka, Bjarte Rosenlund er med i styret og ser på om deira tomt kan byggast ut til bustader. Lerøy la til at det som skil seg ut er tilvisingsavtale.

Kommunalsjef Rosenlund sa at dersom det kjem ein 40-50 leilegheiter i ulike prosjekt kring kommunesenteret, pluss noko på Kaland og kanskje noko i arealet for Ikornsåta-reguleringsplanen kan det bli 150 leilegheiter alt i alt. Rosenlund sa vidare at andre grep som kan frigjera bustader er innføring av buplikt eller av eigedomsskatt for å få færre fritidsbustader.

Helge Dyrkolbotn spurte om framdrift, semje om at møtesekretæren lagar utkast til oppsummering som kan sendast ut og publiserast.

Utvalet spurte om startlånsordninga med tanke på eldre bustader, og fekk orientering om at ein kan få startlån også til hus som treng rehabilitering, men må ha økonomi til å dekkja avdrag og renter til både kjøpet og rehabiliteringa.

Kommunalsjef Rosenlund sa vidare at kommunen vil ha møte med interessentane for tilvisingsavtale, og med Husbanken.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 25/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet - andre handsamingsrunde:

Austrheim kommune går ikkje i gang med bustadbygging i kommunal regi som svar på innbyggjarundersøkinga, men avventar og ser kva som kjem i gang av dei ulike private prosjekta.

PS 26/2024 Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet kjem med framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 26/2024 Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet:

Vedlegget i saka samsvarer ikkje med mandat og saksframlegg.
Levekårsutvalet sender saka tilbake til kommunedirektøren, og ber om at dokumenta blir sjekka slik at grunnlaget blir rett før neste møte.

Framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet sender saka tilbake til kommunedirektøren for gjennomgang av mandat og reglement.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 26/2024 Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet:

Levekårsutvalet sender saka tilbake til kommunedirektøren for gjennomgang av mandat og reglement.

PS 27/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

- a.Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt
 - b.Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen
- 2.Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;
 - a.Arealbehov, utforming og detaljprosjektering
 - b.Tomt og plassering av bygg
 - c.Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift
 - d.Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg
 - 3.Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 27/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om prosjektet, framdrifts- og handlingsplan.

Utvalet meiner administrasjon må halde tilsette i sektoren orientert om korleis det blir jobba vidare med prosjektet.

Handsaming i utvalet:

Utvallsleiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 27/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheims plassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

- a.Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt
 - b.Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen
- 2.Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;
 - a.Arealbehov, utforming og detaljprosjektering
 - b.Tomt og plassering av bygg
 - c.Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift
 - d.Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg
 - 3.Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

OS 6/2024 Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tar orienteringane til vitande

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 6/2024 Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august:

Utvalsleiar hadde bedt om orientering/informasjon om fleire saker. Det som ikkje var meldt opp som eigne saker er oppsummert her:

Symjebassenget og symjeopplæringa i kommunen:

Kommunalsjef Bjarthe Rosenlund orienterte om status for bassenget på Kaland, som har vore stengt sidan nyttår.

- Det kjem vatn i bassenget i haust.
- Vert laga til mekanisk utlufting i taket for å trekka ut luft slik at ein ikkje får same problem med kondens/fukt.
- Arbeidet som vert gjort skal sikra at bassenget kan driftast slik det står i 5-7 år til det kjem på plass nytt basseng.
- Bassenget kan vera klart i oktober, om alt går bra med leveringstid på alle ting som skal på plass.
- Det som må fiksast tar utbygger som gjorde arbeidet sist timane på. Skal i gang ein av dei første vekene.

Trygg skuleveg:

Utvalsleiar Per Lerøy tok opp den saka som har vore omtala i avisene, om skuleveg på Utkilen.

Korleis kan ein handtera ei sak som dette?

- Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte generelt om at det er spørsmål kring skuleveg fram til busstoppet. Om det er vurdert som særleg farleg kan ein setta inn drosje, men for eit såpass ressurskrevjande tiltak som drosje fram til busstopp må det vera vurdert som særleg farleg. Dette er også eit spørsmål om likebehandling, det vert mange tilfelle om dette skal vera lista å leggja seg på for ekstra tiltak.

Oscar Føyen spurte om kommunen kan be Skyss om at bussen stoppar akkurat ved innkjøringa til huset? Det vart diskutert i møtet om det er mogleg å justera dette, konklusjonen var at det er vanskeleg.

Helge Dyrkolbotn sa at den langsiktige er planen for G/S veg heile strekket, er det mogleg å trykka meir på dette? Her svara utvalsleiar Per Lerøy sa at det må søkast om fylkeskommunale midlar for å få regulert gang- og sykkelveg der.

Renee Semmingsen sa at det er 80-sone, men ei ganske oversiktleg 80-sone. Om det skal vera drosje der, kan det komma mange spørsmål frå andre.

Kommunalsjef Jansen svara at det er svara ut frå administrasjonen at det er innvilga gratis skuleskyss for farleg skuleveg (frå busstoppet). Om ein innfører meir gratis SFO-tid som tiltak kjem det spørsmål om presedens og likebehandling.

Utvalsleiar Per Lerøy sa at det viktigaste er å vera klar med planar når det kjem midlar frå fylkeskommunen eller staten.

Utvalet sa seg nøgde med korleis kommunen har handtert saka, må jobba vidare med å realisera gang- og sykkelveg.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 6/2024 Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august:

Levekårsutvalet tar orienteringane til vitande

OS 7/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 51/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) spurte om auke i talet på tilsette, her svara økonomisjef Odd Harald Dommersnes at det skuldast at alle flyktningar på introduksjonsprogram er tilsette i kommunen. Denne opplysningen vert lagt inn i saksframlegget til handsaminga i kommunestyret.
- Per Lerøy (Ap) sa at det må jobbast med langtidsfråvær, at det må gjerast eigne vurderingar på dei felte der det er langtidsfråvær.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 51/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 53/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes informerte om at revisjonssjef Janne Eraker er tilstades under sakene om Årsmelding 2023 og Årsrekeneskap 2023

Varaordførar Per Lerøy tok ordet. Han skryt av årsmeldinga for 2023: "Den er lett tilgjengeleg og inneheld informasjon som er relevant for politikarane. Det blir jobba svært bra i kommunen. Det er to saker vi bør jobbe med, det er å få ned sjukefråværet og få fleire bustader tilgjengeleg blant anna for ev. nye arbeidtakarar. Vi skal vere stolt av det vi har oppnådd, kanskje legg politikarane lista litt høgt, men vi får til utroleg mykje bra saman".

Ingen andre tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret::

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 53/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Formannskapet 05.06.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 7/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Utvalet diskuterte tala for personalstatus, det er eit ønskje om at det er mest mogleg heiltid, men det kan vera vanskeleg å få til innan helse med fleire.

Om talet på tilsette kommenterte kommunalsjef Trine M. Jansen at flyktningane som har introduksjonsstønad kjem inn som tilsette i statistikken. Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy la til at dette også gjeld dei som er på kvalifiseringsstønad, og som eigentleg får lønsmidlane av Nav, men dei står likevel som tilsette i kommunen.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færø sa om heiltid og deltid at det innan helse er gjort mykje for å tilby meir til dei som har deltid, men då må ein vera villig til å jobba ulike stader sidan dette er ein sektor med døgn drift.

Hege Bergsvik poengterte at når ein aukar stillingar til heiltid er det mange helgevakter ein står att med. Det har viset seg vanskeleg å få studentar frå Bergen ut her for å jobba. Ferievikararar i sommar er med vidare som helgestillingar utover året.

Årsmeldinga viser at sjukefråværet har gått ned i løpet av kalenderåret 2023. Kommunalsjef Trine Merete Jansen sa at det vert jobba med sjukefråværet, det vert sett inn ulike tiltak, som til dømes i barnehage der ein heldt oppe bemanninga trass i at barnetalet har gått ned. Jobbar med tiltak mot langtidsfråvær, høgt fråvær gjer det tøft også for dei som er på jobb.

Helge Dyrkolbotn sa at tilbagemeldingar han fått seier at det er betre å stenga barnehagen om det er krise, heller enn at barn må hentast tidleg.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen sa at det er viktig å ha eit utdanningstilbod for å gje dei tilsette kompetanse, slik at dei kjenner seg kompetente. Det er eit bra tiltak i arbeid mot sjukefråværet, og for kvaliteten.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at dei jobbar med å ha leiarar tett på for oppfølging. Dei einingane som har høgast fråvær rapporterer på dette kvar månad, med oppsummering av kva tiltak dei har sett inn.

Marte Brandtun sa at det trengst meir kompetanse på mange felt. Kommunen har litt å gå på for å nytta kompetansen på tvers av ulike tenester.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at kommunen ikkje får støtte til all utdanning frå Staten. Det er mange som ønsker vidareutdanning, det er bra, kommunen ser på det ein har behov for.

Renee Semmingsen sa at det er viktig at dei vidareutdanningane som blir tatt blir brukte for kommunen, når det er gitt støtte/fri til utdanning

Kommunalsjef Færøy viste til at fri/støtte i samband med utdanning fører til avtale om bindingstid, og at kompetansen skal brukast for kommunen

Kommunalsjef Jansen viste til at ordningane for lærarane er eigne, utan den bindingstida som andre tilsette har.

Utvalseiar Per Lerøy sa at det er ei god årsmelding. Ser at kommuneøkonomien var knapp i 2023, ventar betring frå 2025, men ser at det er krevjande for økonomien. Viktig både å få

folk til å bli buande, og flytta til Austrheim. Fleire tiltak er viktige, som å få på plass omsorgsbustader som i neste tur kan gjera eksisterande bustader ledige for ungdommar.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 7/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Levekårsutvalet godkjenner årsmelding for 2023 slik den ligg føre.

PS 28/2024 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek referatsakene til vitande.

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 28/2024 Referatsaker:

Kari T. Utkilen orienterte om referatsakene

- Tilskot forsamlingshus 2024

- Oversikt over utbetaling av kulturmidlar 2024

Tildelingane er gjort etter dei eksisterande retningslinjene.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 28/2024 Referatsaker:

Levekårsutvalet tok referatsakene til vitande.

RS 8/2024 Svar frå skyss - bussar til Austrheim

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 8/2024 Svar frå skyss - bussar til Austrheim:

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 8/2024 Svar frå skyss - bussar til Austrheim:

Tatt til vitande, sjå PS 28/2024 for levekårsutvalet

RS 9/2024 Tilskot forsamlingshus 2024

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 9/2024 Tilskot forsamlingshus 2024:

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 9/2024 Tilskot forsamlingshus 2024:

Tatt til vitande, sjå PS 28/2024 for levekårsutvalet

RS 10/2024 Oversikt over utbetaling av kulturmidlar 2024

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 10/2024 Oversikt over utbetaling av kulturmidlar 2024:

Vedtak i Levekårsutvalet - 26.08.2024 av sak 10/2024 Oversikt over utbetaling av kulturmidlar 2024:

